

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 11 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevna blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brevna kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Temaa for dette nummeret er FN's fråsegn om rettane til bønder og andrearbeidsfolk i bygder og utsyn over global matproduksjon no. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 3 i dette brevet.

SLUTTAR NORGE SEG TIL FN'S BYGDEMANIFEST?

21. desember 2018 vedtok generalforsamlinga i FN UNDROP, *Fråsegna om rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder*. Stemmetala var 121 land for, 52 som avheldt seg frå å stemme og 8 imot. Blant dei 8 var USA, Storbritannia, Israel og Sverige. Blant dei som avheldt seg frå å stemme, var Norge under Erna Solberg. Det meste av den vestlege verda valde altså å stå utanfor. Unntak var Sveits og Portugal, der fråsegna hadde vorte drøfta grundig føreåt. Desse landa var ein del av fleirtalet.

Viktig steg for Norge

Norge stemde altså avhaldande. I åra etter vedtaket har Norsk bonde- og småbrukarlag og særleg Internasjonalt utval arbeidd for å reise saka på nytt. Me har omsett dokumentet til norsk, landsmøte har slutta seg til, og me har teke spørsmålet opp i aviser og på møte. Fleire land, såleis Colombia og Guatemala, har slutta seg til seinare etter FN-behandling, og me har meint at også Norge bør gjere det.

16. oktober i haust la to representantar frå Raudt, Geir Jørgensen og Marie Sneve Marthinussen, fram følgjande forslag (Dokument 8:12 S (2024-2025): *Stortinget ber regjeringa tilslutte Norge til FN's erklæring om rettighetene til bønder og andre arbeidsfolk i bygder (UNDROP)*. Næringskomiteen bad i brev 23.10 Utanriksdepartementet vurdere forslaget. Statsråd Anne Beathe Tvinneim svarta at departementet tek initiativ til å utgreie eventuell tilslutnad på ein passende måte, til dømes neste gong saka kjem opp i FN.

Komiteen seier samrøystes at dei deler intensjonane i representantforslaget om at det er viktig å sikre grunnleggjande rettar for småbønder og rurale arbeidarar. Dei viser til Tvinneims svarbrev og imoteser den varsla utgreiinga.

Medlemmene frå DNA og Sp viser til at mattryggleik og kamp mot svolt er ei

hovudprioritering i norsk bistandsarbeid, og at regjeringa legg vekt på å betre forholda for småskala jordbrukarar og andre i rurale område. Medlemmene frå SV, Raudt og MDG meiner at Norge må endre stemmegivinga frå 2018 og aktivt støtte UNDROP, både for internasjonal solidaritet og for å styrkje rettane til eigne bønder, fiskarar og ruralsamfunn. Dei viser til at fleire land har slutta seg til etter 2018. Dei oppmodar til at Norge aktivt engasjerer seg i oppfølging av fråsegna, både nasjonalt og internasjonalt, og dei støttar framlegget om tilslutnad.

Vegen vidare

Arbeidet for norsk tilslutnad har altså gått eit langt steg framover. Tre stortingsparti har slutta seg til, dei andre er positive i ord, og UD vurderer sak og framgangsmåte.

Truleg blir ei avgjerd om norsk tilslutnad teken i vårhalvåret.

Som nemnt var bakgrunnen for at to europeiske land, Sveits og Portugal, braut med Vest-Europas semje, at debatten føreåt hadde vore grundig i desse landa. Vår oppgave er å få til ein tilsvarande debatt og politisk press, i NBS, i organisasjonar som er opptekne av internasjonal solidaritet, av global utjamning og av småkårsfolks rettar. Me minner om at regjeringa Støre ifølgje Hurdalsplattforma vil arbeide for ein verdsorden basert på folkeretten. Norsk tilslutnad til UNDROP vil vere eit viktig steg i dette arbeidet. Frå vår side bør tilslutnad til fråsegna bli ei årsmøtesak i NBS-lag og ei sak som pregar debatten denne vinteren og komande vår.

(Me viser til intervju med Therese Arnesen frå FN's høgkommissær for menneskerettar i Månadsbrev 4-2024. Fråsegna på engelsk kan lastast ned frå FN's heimesider. Internasjonalt utval har omsett fråsegna til norsk, og interesserte kan få pdf-fil frå NBS eller adressa for månadsbrevna.)

OM FRÅSEGNA (UNDROP)

Ein jordbrukarfamilie har drive ein jordbrukseigedom i titals år og forgjengarane i hundretals år. Det kan vere i Nepal, Etiopia eller Brasil, langt på veg også i Norge. Eit storselskap ønskjer hand om staden. Det kan vere for å drive agroindustri, som industritomt eller byggefelt, for å setje opp vindkraftverk der eller fordi det er mineral eller olje på eigedommen. Ein slik situasjon burde vere ei interesseavveging mellom likeverdige partar. I staden er det dei mektige mot dei utan makt.

Storselskapet blir møtt med respekt i alle organ. Dei har erfaringar frå liknande saker, kontaktar med topp-politikarar og embetsverk, dei er på hyppige møte med ordførar eller departement, dei har profesjonelle informatorar som utformar lekke trykksaker, og dei har kontaktar og nær fram i media. Dei kan i mange høve forme lover og reglar i si interesse, til dømes slik dei fekk gjennom rett til patent på biologisk materiale.

Den vesle bonden har i mange høve ikkje underskrivne og tinglyste dokument på eigedommen, trass i at den har vore i familiens eige i hundretals år. Han har ikkje kontaktar med politikarar eller embetsverk, ikkje erfaringar frå liknande saker, er utan trening i å lese tunge dokument og å formulere skriftleg, kanskje er han analfabet, og han har ikkje økonomi til å hente inn hjelp frå dyre advokatar. Den vesle bonden kan ikkje ta ein telefon eller skrive eit lesarinnlegg. Ofte blir ikkje ein gong språket hans eller hennar forstått i eliten.

Også den vesle bonden gjer samfunnsnytte og har kunnskapar av verdi, men denne samfunnsnyttan og kunnskapane blir

ikkje møtt med respekt eller interesse.

Det er altså den mektige mot den makteslause. Om ei likebehandling skal finne stad, må det vere samfunnets oppgave å sikre at interessa til den makteslause, og til naturen og økosystemet, kjem fram. Viss ikkje, blir det heile avgjort på den store sine vilkår.

Konkretisering av Menneskerettsfråsegna

«Alle menneske er fødte til fridom og med same menneskeverd og menneskerettar», står det i artikkel 1 i Menneskerettsfråsegna. Det gjeld, seier neste artikkel, «utan skilnad av noko slag på grunn av rase, farge, kjønn, språk, religion, politisk syn eller anna meining, nasjonalt eller sosialt opphav, eigedom, fødsel eller andre tilhøve». Dette er viktige prinsipp som nesten alle land har slutta seg til, men på mange måtar er situasjonen for bygdefolk slik at konkretiseringar må til. Rett til jord, vatn, såfrø og biologisk materiale må spesifiserast om desse rettane skal bli reelle og livet trygt for verdas bygdefolk.

Initiativet til FN-fråsegna om småbønders rettar, på engelsk *United Nations Declaration on the Rights of Peasants*, ofte forkorta til UNDROP, vart teke av den internasjonale småbrukarorganisasjonen *La Via Campesina* (LVC) i 2001. Saman med mange organisasjonar og menneskerettsaktivistar i mange land arbeidde dei i 17 år før vedtaket kom.

Fråsegna er bygt opp som Menneskerettsfråsegna, med 28 artiklar som tek for seg problem verdas småbønder, jordlause gardsarbeidarar, migrantarbeidarar innan landbruk, fiske og andre naturbaserte yrke møter, og med tiltak for vaksne, eldre og barn. Artiklane er om rett til jord, husdyr, såfrø, drikkevatt, hygiene, arbeid og val av driftsmåtar, næringsrik og god mat, fødselshjelp, eldreomsorg, helsevern, gode sanitære forhold, skulegang, juridisk hjelp og mykje meir. Mange av artiklane gjeld kvinner meir enn menn, for kvinner utfører svært mykje av gratisarbeidet og det dårleg betalte arbeidet. Dokumentet tek opp barns situasjon med skulegang og rett til kunnskapar. Det handlar om språk, at språka til småkårsfolk og urfolk må respekterast og kunne brukast overfor embetsverket og i lover og kontraktar.

Liksom andre FN-fråsegner er denne ikkje juridisk bindande, men retningsgivande for landa som sluttar seg til ho og for FN's arbeid i verdssamfunnet.

Fråsegna er eit signal om ei global omprioritering frå agroindustri og annan verksemd utanfrå og til likeverd, respekt og tryggleik for samfunnas små. Bak ligg innsikt i at småbønder og arbeid med jord og dyr er ikkje på veg ut, det er framtida. Det er slik det må vere om framtidas innbyggjarar skal få nok, sunn og næringsrik mat. Då må både dei beste og dei mindre gode produksjonsressursane nyttast. Verda treng ikkje berre den flate vekstjorda i dei gunstigaste klimasonene, men også potet-terrassane 4000 moh i Andesfjella og skrapslått og utmarksbeita her hos oss. Difor er fråsegna eit langt steg framover i arbeidet for å utrydde svolt og elende, og effekten vil bli større til fleire land som sluttar seg til.

VERDENS MATTILGANG — ET DYSTERT OVERBLIKK

Hovedkilde for denne artikkelen er FAOs årbok for 2024, og grafikken er derfra. Mens vi bruker dekar som vanlig arealenhet, bruker FAO hektar, 10 dekar.




Antallet bønder, skogsarbeidere og fiskere i verden, yrkesgruppene som vi i denne sammenhengen betegner som bønder, går nedover. I år 2000 utgjorde de 1025 millioner og 40 prosent av de sysselsatte i 2022 var antallet redusert til 892 millioner. Fordi antallet innbyggere og sysselsatte var økt, utgjorde andelen nå bare 26,6 prosent.

Forskjellene mellom land er store. Nesten halvparten av Afrikas sysselsatte, 48,4 prosent, var i primærnæringene. I Asia var prosentene 29,1, i Amerika 9,5 og i Europa 5,4. I noen få land må andelen bønder uttrykkes med promille og ikke prosent, i Belgia således 9 promille, Israel og Malta 8. I USA utgjør bøndene 1,7 % og vesentlig færre enn fengselsinnsatte, i Storbritannia 1 prosent, i Sverige og Danmark 2, Norge 2,3 og Finland 4,1.

Det må føyes til at det er ulike måter å telle bønder på, for verden over er mindre gardsbruk familiebedrifter, der mann, kvinne, barn og ofte eldre utfører arbeid. Et eksempel er at FAOs tall viser 226 millioner bønder i India i 2022, mens indiske landbruksanalytikere skriver om 500 millioner.

Tabellen under viser nedgang i antall sysselsatte i landbruk i prosent i verdensdelene.



Neste spørsmål er om de som behandler landbrukets produkter, skal telles med. FAO har nå lansert tabeller som inkluderer landbruksbedrifter. I 2021 utgjorde den delen av verdens sysselsatte som arbeidet med produksjon og bearbeiding av landbasert mat, 39,2 prosent. Også denne andelen er i nedgang, fra 52,6 prosent av verdens sysselsatte i år 2000. Nedgangen fant sted i alle verdensdeler og raskest i Asia, fra 60,9 til 41,5 prosent. I Afrika er to av tre sysselsatte i matproduksjon og bearbeiding. I Europa er tilsvarende tall 14,7 prosent.

DYRKA AREAL



Verdens dyrka areal minker, med 91 millioner hektar eller 10 prosent på 2020-tallet. Nedgang finner sted i alle verdensdeler. Matjord blir bygd ned av boliger, industrianlegg og veier, den har blitt demt ned for vassdragsregulering eller vannbassenger for drikke og hygiene, og den har blitt utsatt for erosjon. Svikt i vanntilgangen presser bønder vek. Grunnvannsbassenger blir tappet mer enn tilgangen, og nedbør i fjellene nå kommer som regn og derfor renner ned mot havet i regntider, og ikke som snø som magasineres og gir vann nedstrøms i tørketida. Også havstigning begynner å vise igjen i tallene.

Skogarealet har gått ned med 109 millioner hektar i samme periode. Både tap av matjord og skogsarealer svekker klodens karbonbinding og øker derfor tempoet i den globale oppvarminga.

Fordi verdens befolkning har økt fra vel 6 milliarder i år 2000 til vel 8 nå, sviner tilgangen på vekstjord per innbygger raskere enn jordtapet. I år 2000 hadde innbyggerne i snitt 0,24 ha vekstjord, 2,4 dekar. Nå ligger snittet under 2 da, og igjen med store variasjoner mellom verdensdeler og land. Afrika har litt over 2, Amerika 3,6, Asia 1,2 og Europa 3,9. I Norden har Danmark 3,9 da per innbygger, Finland 4,1, Island 3,2, Sverige 2,4 og jumboen Norge 1,5 da.

MONOKULTURER

Nesten halvdelen av den dyrka jorda blir brukt til korndyrking og den andre halvdelen til grasproduksjon. Grønnsak- og frukt dyrking legger beslag på lite i forhold.

Mer og mer går klodens matproduksjon fra multikultur til monokultur. Fire planteslag, rørsukker, mais, hvete og ris, utgjør halvparten av matplanteproduksjonen. Og innenfor disse artene brukes stadig færre sorter.

Det samme gjelder husdyrholdet. Kjøttproduksjon av kylling og svin utgjør en stadig større andel av totalproduksjonen, en tredjedel hver. To av tre kjøttkiloer kommer altså fra to dyreslag.



Figuren under viser fordelingen på kjøttslag, Øverste rekke er kylling, rekke 2 svin, rekke 3 storfe og rekke 4 andre kjøttslag.



SULT

I en 15-års periode fra tidlig 2000-tall gikk prosentandelen underernærte på kloden nedover. Rundt 2017 snudde det. Etter det har både andel og antall underernærte økt. Latin-Amerika og Karibia er unntaket.

I Europa og Nord-Amerika anslår FAO at andelen underernærte ligger lavere enn 2,5 % og oppgir derfor ikke tall. Men mye tyder på at sulten øker også i vår del av verden. Matutdeling øker i omfang i mange land, men når trolig fram til et fåtall av dem med behov.



Den første grafen over viser prosenten underernærte i verdensdelene der tall blir registrert. Den andre grafen viser endringer i antallet underernærte på 2000-tallet.

KONKLUSJONER

Talla viser hvor dramatisk situasjonen er. Sulten øker, matjorda krymper, og antallet matprodusenter går ned.

Den metoden som har vært brukt de siste tiåra for å øke matproduksjonen, mer intensiv drift med pløying, ugrassprøyting, mer kunstgjødsel og ensidig bruk av de mest produktive matplantene, stanger i biologiske tak og ødelegger natur. Om de dominerende matplantene blir rammet av sykdommer eller klimaendringer, må verden tilbake til et større mangfold av matplanter. Dette krever kunnskapsrike produsenter og flere produsenter.

Produksjon av kunstgjødsel skjer ved tilføring av store mengder energi og bidrar til global oppvarming. Varig bruk i stort omfang dreper liv i jorda. Dette gjelder i enda større grad ugrassmidler, for skadeorganismer på plantene blir immune.

Produksjonsøkningen har vært stor etter krigen for mange matplanter og mange husdyrarter, men også denne når tak. Hvette- og risavlingene for eksempel kunne økes fra noen hundre til 700–800 kilo per dekar med jordarbeiding, kunstgjødsel, pestisider og mer effektive sorter, men så har avlingsveksten stagnert. Mer kunstgjødsel og mer sprøyting monner ikke. Grensene for fotosyntesen er nådd. Bare en metode for å produsere mer mat synes trygg og varig, flere produsenter og drift med flere plante- og dyreslag.

Et globalt utsyn forteller oss at kloden behøver et krafttak om mat skal sikres for kommende generasjoner. *Business as usual* vil trolig føre til sult av et tidligere ukjent omfang, og til kriger om mat og vann. Verden, og vårt land, står overfor valget mellom enten å prøve å løfte alle klodens innbyggere inn i ei trygg framtid, eller å la en stor del av verdens fattige forkomme.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025

Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com

Jens Erik Furulund, e-post jensarik.furulund@gmail.com

Heidi Hogset Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen, e-post boksmia@online.no

SMÅBRUKARAR I TRE LAND

COLOMBIA



PALESTINA



NORD-INDIA



Foto Margit Fausko (bileta til venstre) og Olav Randen.

Frå palestinsk frøbank

INTERNASJONALT UTVAL NBS